

Smittesaneringsprosjektet

FRISKERE GEITER



Saneringsnytt 4 – 2003


Kjære prosjektdeltakarar

Takk for sist til alle som var med på geitedagane i Vinje. Arrangørane hadde gjort ein svært god jobb, så det var alt i alt svært vellukka. Det var likevel ein feil, og det var at ikkje fleire av dykk var med. Men det får vi kanskje gjort noko med ein annan gong. Det kjem eit lite referat frå møtet i fyrste nummer av Sau og geit. I siste nummer av Norsk Landbruk stod det også ein artikkel frå møtet.

Eg vil be alle som enno ikkje har sendt reiserekning om å få gjort det snart, slik at vi får avslutta rekneskapen frå møtet.

Utvikling i prosjektet

De ser nedanfor eit diagram over resultat frå i år. Vi manglar to buskapar som har hatt berre negative prøver på fleire prøveuttak og ein som akkurat skal ta til. Desse kjem litt seinare på hausten og vi kan kanskje få sendt ut ei fullstendig oversikt seinare. Men det ser ikkje verst ut dette. Dei tre med låge verdiar til venstre har teke utgangsprøve no og skal snappe til hausten/vinteren.



Byllesjuka har berre vore påvist i ein buskap, og den skal gå i gang med sanering på nytt. Så vi reknar med at det går betre no. Av sjukdommar elles har det vore litt mastitt i eit par buskapar, men i andre har det vore mykje betre enn tidlegare, så dersom vi ser på alle under eitt, så er det mykje friskare dyr. Ein buskap har hatt problem med smaksfeil ein periode, men foreløpig ser det ut til at mjølkekvaliteten i desse buskapane er betre enn i andre. Så dette går bra, og dersom vi held fram med prøvetaking og slaktar positive dyr etter kvart, vil dette bli heilt bra til slutt.

Sal av friske kje

Vi må no sjå noko lenger framover, og då er buskapane dykkar sentrale i levering av friske dyr. Dette må vi førebu alt no, og eg vil gjerne ha inn oversikt over kor mange kje vi kan forvente er tilgjengelege for andre som vil sanere denne sesongen. Då må kjea vera klare for levering i vår eller seinare slik at dei kan setjast inn neste sesong i eit nytt fjøs.

Eg vil be alle om å sende meg eit foreløpig tal over kor mange kje de forventar å kunne selja, så snart råd er. Eg må ha talet innan 15. oktober, då vi skal ha eit møte i styringsgruppa litt seinare. Vi kjem til å ta dette opp der. Eg må også veta når kjeinga er.

Altså send meg tal på kje de forventar å kunne selje til livdyr etter neste kjeing samt tidsrom for kjeing. Send det på E-post, faks eller brev.

Semin

Fleire av dykk her med på seminforsøk. Eg har prøvd ei tid å få tak i nokon av dykk pr telefon. Eg har ikkje fått tak i alle, men det ville vera svært fint å få greie på korleis dette går. Kan de også gje meg ei melding om dette? Vi må fylgja nøye med her, for dette er eit sentralt punkt for at saneringa skal bli vellukka.

Vidare planer

Vi driv akkurat og sender ut eit spørjeskjema til alle som har geit. De vil også få det og det er fint om de svarer sjølv om vi har dei fleste data på dykk. Dei opplysningane vi får gjennom dette skjemaet skal vi bruke for vidare planlegging av sanering. Det er sjølv sagt avhengig av at det blir løyvt pengar, men vi må berre gå ut frå det så lenge, og planleggje deretter.

Vi vil få resultat av CAE-undersøking av tankmjølk frå dei fleste buskapane i løpet av eit par månader. Vi reknar med at det må til ei viss mengd smitta geiter for at det skal gje seg utslag på tankmjølka. Det vil også gje oss og dei gardane det gjeld, verdifull informasjon om smittestatus for CAE.

Dersom vi får nok pengar til det, vil det så bli sett i gang eit opplegg for å få testa flest moglege geitebuskarar med blodprøver utover vinteren og våren. Då vil vi særleg ta for oss dei som er negative på tankmjølkprøva.

Det viktigaste no er altså å få inn tal på kor mange kje de trur de kan selja denne sesongen, og korleis det har gått med semin hjå kvar enkelt. Det siste vil de sjølv sagt bli spurt om av dei som leiar seminforsøket, men vi i dette prosjektet er også svært interesserte i det.

Send svara på ein av fylgjande måtar:

1. Nils Leine, 2975 Vang i Valdres
2. faks nr 613 67 450
3. E-post: nils@leine.no

Dersom de har forslag til stoff i Saneringsnytt, kom med det, og kom elles med kommentarar om kva som helst angående smittesanering.

Eg vil til slutt ynskje lukke til vidare! Dette ser som sagt svært lovande ut.

Vang, 25. september 2003

Beste helsing Nils